

-----Opprinnelig melding-----

Fra: May Britt Jensen [mailto:mbj@finnøy.kommune.no]

Sendt: 19. juni 2003 17:03

Til: Postmottaket; ASR Høringsuttalelser

Kopi: Magne Fjeld (E-post)

Emne: Høyring - overføring av mynde og ny forskrift om sakshandsaming

Til landbruksdepartementet.

Finnøy kommune er samde i det meste av det som ligg inne i denne forskrifta, men som lokal landbruksforvaltning vil me nytte høvet til å påpeike nokre få forhold som har stor betydning for lokal effektivitet og for omdømmet til landbruksforvaltinga i kommunenorge.

- I våre kystområde er det vernskogbestemmelsar. Me har ei rask tilgroing av våre kultur-areal og den beste tilveksten i heile landet. Det er såleis lite grunnlag for å oppretthalda vernskogbestemmelsane i våre distrikt. Mynde til å avgjera dette i kyststrok på sørvestlandet, der det å få opp ny skog ikkje er problem, vore lagt til kommunen.

- liste frå 1-6 på oppgåver der me skal vera 1. instans, vil føra til meirarbeid i form av meiransvar for å vera fagleg oppdatert fordi sakshandsamarmiljøet på fylkesnivå vil falla bort som fagleg støtte. Det er svært viktig for kommunal landbruksforvaltning (og areal/byggesak) at Fylkesmannsnivået opprettheld og gjerne styrkar den juridiske kompetansen og kapasiteten sin (gjennom ein kombinasjon av nlh-utdanna fagkompetanse som er gode på "arealbrukslovverket" og fagjuristar med rele vant fordjupning) slik at dei er i stand til å hjelpa oss i kommunane med dei kinkige sakene. Dette vil vera svært god ressursbruk og vil spara samfunnet for mykje tid og pengar til lang og feil sakshandsaming. Ikkje minst lange og vonde klagerundar.

- det vil vera naturleg at klageinstansen er fylkesmannen - og ikkje eit politisk utval (fylkeslandbruksstyret). Arbeidsdelinga mellom desse bør leggjast oipp slik at det politiske utvalet driv politikk (lovarbeid, planarbeid, utviklingsstrategiar osv) og fylkesmannen tek seg av regelverk og klagesaker. I klagesakene er det det juridiske aspektet som skal prøvast - det lokale skjønnnet bør ikkje overprøvast av politisk valde lekfolk utan lokalkunnskap.

- I 2.2. er det nemnd at kommunen ikkje lenger pliktar å bruka ajour (me reknar med det er det de meiner). Det er på høg tid fordi dette har skapt svært mykje meirarbeid for kommunane. De må likevel søkja å vidareføra det gode med ajour- tanken i form av :

- gode sakshandsamingsveggleiingar (jamfør veggleiingar for arealplanlegging frå MD)
- gode dømme på saksoppbygging og råd om relevante moment i vurderingane
- gode rapporteringsrutinar, sjå neste punkt.

- Landbruksforvaltinga har tette vertikale band - på godt og vondt. Det vonde er blant anna at den lokale landbruksforvaltinga ikkje vert fullstendig integrert i kommunal forvaltning før landbruksdepartementet samordnar sin kontakt med lokalnivået med kommuneldepartementet og

miljøverndepartementet sin standardmåte å rapportera frå kommune til stat på. Det er eitt felles system for dette og det heiter KOSTRA: KOMmunal STATleg RAPporteringsystem . Det er overmåte viktig for ei effektiv og heilskapleg forvaltning at både den nye planlovsystemet og landbruksforvaltninga samordnar sine rapporteringskrav med KOSTRASYSTEMET. Me viser til § 2 i forslag til forskrift og ber innstendig om at departementa samordnar dette arbeidet slik at landbruks- og anna arealforvaltning vert rapportert på same vis som andre forhold i kommunenorge - og kan lesast av alle i SSB sine kommuneoversiktar - slik andre kommunale tenester kan.

Beste helsing

May Britt Jensen
Kommunasjef næring, miljø og teknikk
Jordbrukssjef

Magne Fjeld